

Nordgarden Jørstad (gnr. 163)

Frå Jørstadgrenda - Jørstad og Mælum i sagatid og mellomalder

Gamal, men alltid vårkjømd ligg Jørstadgrenda der i det solvendte bygdelaget Bakkane mellom Lågen og Gausdalselva. Inga grend i Fåberg har så mange og tydelege aldersminne. Her er gjort fortidsfunn av våpen og verkty både frå steinalder, og her er ordminne om Fagaberg, Gildesvoll og Skeid. Her reiste og bygdefolket sitt eldste kyrkjebygg med tårn og kross. Gravsteinen frå år 1202 over den lærde Fåberg-presten Poule Haqvini har både krossen og solskiva til symbol.

Ingen vei det visst. Men tradisjonen fortell at her i sollia tøfta tidleg ein mann med namnet Jorek garden sin. Tradisjonen fortell og at garden fekk namn etter bureisaren som skikk var her i landet. Gjennom skiftande tider med skiftande embetsmenn og tungemål vart gardnamnet etter kvart endra. Om det fortell falma tingbøker og brev så gamle at dei er skrivne på skinn.

Frå året 1320 er eit brev der Erik Tops lensmann Erik Finsen kunngjer at han var ”a Joregstadhon a hæradsstempne” og tok prøv av to menn som Bjørn let føre som tillitsmenn for nyrydningsmennene i Rudsbygden. Jon på Joregstad var og innstemna som vitne i saka, truleg som kjentmann og granne. – Så var det så her på garden at heradstinget vart helde i dei tider. I det gamle norsk vi her har for oss, merker ein seg elles at bokstaven a t.d. framfor hæradsstemne var styreord og kan oversetjast både med på eller i.

I eit brev av 1330 kunngjer Guthorn Eriksons embetsmann Tjodelf diktar at han var a Joregstadum stemnbønom a Fogabergi og hørde vitnemål som Bjarne a Myri let føra om sal av garden Engjar a Thræten. Om ting på garden fortel og eit brev av 1344 da Gutorm Eriksons lensmann Bårdr var ”a Jorexstadum” da Gunnar barke hadde stemna Tore a Sydrebø dit for å høre vitnemål om egedomsretten til Kasterud. – Ein merker seg at gardnamnet her er skrivi med x, som tyder på at det i bygdemålet vart uttala med tydeleg k-lyd. På same måten er gardnamnet og skrivi i andre brev på denne tida.

Av brukarar på Jorekstad kjenner vi forutan Jon som er nemnt i 1320 også Eilif, som det er fortalt var lagrettesmann både i 1330, i 1339, 1344 og 1347. På den eine av gardane Søgarden eller Nordgarden budde truleg Eivind Alfsen. Han var ein høgt vørd mann som m.a. vart vald til lagrettesmann for Allmannatinget for Gudbrandsdalen i 1442. Dette einaste allmannatinget for Gudbrandsdalen som det er fortalt om, vart truleg helde anten på eller ved Vålen i Ringebu eller Vole i Gausdal. Staden der tinget vart helde er som kjent kalla Volumeter.

Når det gjeld opphavet til gardnamnet Jorekstad – Jørstad er det elles å merke seg at det på 1300-talet var fleire gardnamn i grenda som likna på namnet Jørstad. I 1820 og 1330 er Asle på Jostad omtala, og Hunn på Jostad i 1344. Hafuar på Jokustad var med ved tinget i 1339, og namnet Jokustad om ein gard i Fåberg er også brukt i 1442. dette med dei mange gamle gardnamn som likna på namna Jorekstad-Jørstad gjer tydinga av namnet meir komplisert. Kristofer Fliflet, som granska dette, kom fram til at namnet Jørstad kan ha vorte til som ein slags samnemner fra Jorekstad, Jostad og Jukulstad, og han formar sjølv konklusjonen slik: ”På grunn av navnelikheten er det blitt Jørstad både av Jorekstad, Jostad og Jukulstad.” For denne teorien talar at to Jørstadgardar i 1528 enda er skrivi Joerstad. For talar og at namnet på 4 Jørstadgardar i 1594 enda er skrivi på 3 ulike måtar. Det viser iallfall at skrivemåten av namnet lege var svært ustø.

Av ovanstående går det tydeleg fram at Jørstadgrenda alt på 1500-talet var bygd og busett meir enn dei fleste grender elles i bygda. I det nærast etterfølgjande skal vi sjå litt meir på m.a. dei økonomiske tilhøve på gardane i den tid dei heilt eller for ein del var:

Kyrkje- og/eller krongods.

To av dei gardane vi her har for oss, var sikkert vorte kyrkjegods og lagde til Hamarbispen alt før reformasjonen i 1536. Det gjeld den eine av Jørstadgardane og Mælum. I 1578 var så gardane blitt krongods og var innført i jordboka for Akershus len. Landskylda av Jørstad var da 3 huder og av Mælum 4 huder. Båe gardane betalde elles i særskattar ½ dlr. i føring, 1 kalvskinn i godvilje, 4 merker i fisk og 2 skl. i leding. Dessutan var og den eine garden av Øvre Jørstad vorte krongods utan først å ha vore kyrkjegods. Landskylda var for denne garden 2 huder og særskattane var som for Mælum og Jørstad. Alt tyder såleis på at alle dei tri gardane i den tid fullt og heilt var bygselbruk. I 1594 er det fortalt at alle dei 4 Jørstadgardane vart rekna i gruppa for fullgardar og svara 60 skl. kvar i bygningsskatt. I same gruppa gjekk og fullgarden Mælum. I 1604 svara Mælum i utlikna tiendekorn 3 ½ td. bygg, to av Jørstadgardane 3 tdr. og dei andre to 2 ½ td. kvar. Sju år seinare heitte brukarane på dei 4 Jørstadgardane: Tord, Einar, Karl og Tore, og brukaren på Mælum heitte Halvor. Dei er da alle oppført i gruppa for ”Leylendinge”, men av odelsmannsjordboka av 1615 går det tydeleg fram at nokre av dei og var odelseigande bønder. Tord Jørstad åtte såleis sjølv 1 ½ hud i garden sin, og Tore Jørstad var odelseigande bonde av 3 huder jordgods i Alm og i 3 skinn jordgods i Byre i Ringsaker. I 1620 er det fortalt at Tord Jørstad svara i 3-års halding av bygselgodset Jørstad av skyld 1 ½ hud 9 merker fisk med til saman 1 ½ dlr., og Halvard Mælum svara i 3-års halding av bygselgodset Mælum 2 ½ dlr. Etter odelsmannsjordboka av 1624 var det da skjedd det skifte at Brynhild øvre Jørstad sjølv åtte ½ hud i bemeldte Jørstad. Tord Jørstad var da eigar av 1 hud odelsgods i Lien i Ringsaker og vidare også i same bygda: ½ hud i Dalen og ½ hud i Gudmundshoff. Samtidig eide og Tore Jørstad 1 ½ hud odelsgods i bemeldte Jørstad og ½ hud i Leikvam i Gausdal. I 1634 var Karen vorte brukar på Mælum, og landskylda var da høgda til 5 huder 9 skinn.

Om krøterhaldet på garden fortel lista over Kvegskatten av 1657. Skatten, som var ein ekstraskatt, vart kalla Kvegskatten fordi krøtertalet vart lagt til grunn ved utlikninga. Skatten vart nemleg utlikna med 8 danske skilling for kvar hest og hoppe og for kvart vakse naut, men med 1 skilling for kvar bukk og geit og for kvart får og lam og kvart svin. Slik som skatten vart utlikna og skattelista er ført, er ho ein sers påliteleg historisk kjelde.

Etter denne skattelista var det da 6 gardar Jørstad og 2 gardar Mælum som var med ved utlikninga: - Dei av brukarane på Jørstad som i den tid hadde dei største krøtertal, var den kvinnelege brukaren Siri Jørstad. Hos henne var tala 1 hest, 3 hopper, 16 storfe, 14 småfe og 2 griser. Hos brukaren Kristen Jørstad var dei tilsvarande tal 1 hest, 2 hopper, 16 storfe, 15 småfe og 1 gris. Lauritz Jørstad hadde 1 hoppe, 4 naut, 6 geiter, 6 sauer og 1 gris; hos Oluf Jørstad var buskapen 1 hest, 2 hopper, 11 storfe, 16 småfe og 2 griser, Amund Jørstad hadde 1 hoppe, 9 naut, 11 sauer og 2 griser, og hos Reier Jørstad var buskapen 1 hoppe, 11 naut og 10 sauer. På Mælum var det da hans som hadde den største buskapen med 2 hopper, 16 storfe, 20 småfe og 3 griser; hos grannen Rasmus var tala 2 hopper, 12 storfe, 16 småfe og 1 gris.

Frå same året, altså 1657, er det og eit nytt odelsmannsmanntal for Fåberg. Der er det fortalt at av dei brukarane som her er nemnt, åtte Oluf Jørstad sjølv ½ hud i garden sin. Kristen åtte for 2 huder i sin eigen gard og dessutan ½ hud i Lien på Brøttum. Ei ½ hud i Lien på Brøttum åtte og Haldor Rasmusen Jørstad. Ingen av brukarane på Mælum er da nemnt blant dei odelseigande bønder i bygda.

Meir om den manlege arbeidskrafta på gardane i den tid fortel Mannkjønnsmanntalet av 1665: På Jørstad av skyld 3 huder og som da var oppført som ”rytter hoffuit quarter”, er da 3 mann oppført som oppsittarar på garden: Kristen Matsen, som var 47 år og brukte 2 huder, Amund Eriksen, som var 50 år og brukte 1 hud, dessutan og Iver Reiersen, som var 24 år. Tenestkarane på dette Jørstad var da Paul Matsen, 24 år, og Oluf Matsen, 20 år. På Jørstad ”under mons. Capt. Reichweins brug” er det ingen opplysningar gitt. På Midt-Jørstad av skyld 5 ½ hud brukte da Amund Hågensen, 50 år, og Knut Olufsen, 30 år, halvparten kvar. Tenestkarar der var Matis Pedersen, 20 år, og Knut Gregoriusen, 20 år. Øvre Jørstad av skyld

4 huder var og utlagt til ryttargard, og oppsittaren der, Reier Lauritzen var 60 år. Og namnet på nokon annan kar på garden er ikkje nemnt. På Mælum med Bratland, Diserud og Tråsetvollen av samla skyld 3 huder 11 skinn 4 pd. fisk, brukte i den tid bondelensmann Hans Halvorsen, 47 år, det halve av garden; Rasmus Halvorsen, 48 år, brukte det andre halve. Tenestkarar på garden var da desse 5: Iver Toresen, 20 år, Jacob Tomesen, 18 år, Laurits Jakobsen, 24 år, Oluf Eriksen, 20 år og Erik Olufsen, 20 år.

Etter dette går vi over til å sjå litt nærare på kvar av desse gamle gardane i Jørstadgrenda:

Nordgarden Jørstad

I 1668 kom det nye matrikkelverket med fleire opplysningar om gardane. Om Nordgarden Jørstad er det der fortalt at den samla skylda på garden framleis var 3 huder, og at Kristen og Amund framleis brukte garden isaman. Eigarane av garden var da dei to brukarane sjølve for 1 hud og 9 skinn, 3 skinn låg til Fåberg-kyrkja, og Simen Heggen i Gausdal åtte 1 hud, som visstnok var bruket Opjordet. Om enga, innmarka, er det fortalt at den er ”temmelig”, som vel nærmast betyr nokså bra; det var seter og sommarbeite til krøtera på Støla seter, og det var heller lite skog.

Under 6 nov. 1671 er bokført ei sak om Nedre Jørstad som her er av interesse: Kaptein Reichwein let da lesa kontrakt om eit makteskifte på noko av Nedre Jørstad av skyld 1 hud 9 skinn og plassen Husesletten av skyld 3 skinn, som han hadde tilskifta seg av Kristen Madsen Jørstad mot garden Myre i Gausdal av skyld 2 huder 3 skinn.

25. juni 1672 hadde fogden med lagrettesmenn synfaring på ”nordre Jordstad”. Grunnen var at nå da Kristen Madsen hadde overgitt bruket til Kaptein Reichwein, var det spørsmål om grensene for garden. Om dette er det fortalt slik: ”- mellem Christens brug på den søndre og Prestegårdens ager og eiendele på den nordre side går ett gate eller faregst, som Christen beretter altid så vel som sine formend schal haaffue dreffuet deris Chreatur og Hester ned under deris jorder. Under samme Christens forrige Brug og Ager er beliggende 3 Skind Kirkegods kaldes Gillesvolden og strecker sig fra Grindstolpen bestående udi nevnte gatte og hen under jorden sønden till groupen.”

2. september same året var fogden og 12 lagrettesmenn frå Gausdal på ein stad det var tvist om mellom soknepresten herr Haagen Willomsen og naboen hans ”kaptein Rechvin” som eigar av nordre Jørstad. Båe hadde da gjerda inn kvar sitt stykke av det som før hadde vore sameige nede ved elva.

I det protokollerte er grensene for Gillesvolden oppgitt til å strekke seg frå den ”norderste groupe hen under nordre Jørstads jord moed Kirchen”. Partane vart elles samde om at ”det gierde som Capitein haffuer lagt neden Hestewangens Bache og tvert offuer Pulløen schall were schelne og deelle imellem nordre Jørstad oc Prestegaarden.”

Den forenkla skrivemåten av namnet til ”Rechvin” skal vera mye i samsvar med uttalen av namnet i bygdemålet.

At kaptein Reichwein alt var kome til Jørstad i 1664 viser ei anna grensesak. Han hadde da ein strid med Tor Onsum om ”engesletten Mynningen som ligger under kapteinens assignerede gaard Jørstad”. Ein merker seg ordet assignerte, som tyder tilviste. Han bodde altså da på ein gard han enda ikkje åtte. Men 26. febr. 1666 var det auksjon over garden Jørstad av skyld 1 ½ hud, 2 bismarpund og 6 merker fisk, dertil og Studtzhoved av skyld 9 skinn 18 mrk fisk, og vidare Sundflaten av skyld ½ hud med Kjertli engeplads av skyld 1 skinn.. For desse gardar og gardpartar baud kapteinen da 200 rdl. Bygdefolket opplyste at til desse gardane ”finnes ikke skog annet enn til gårds nytte, men et ringe fiskeri når Gud giver sine gaver.”

Da det i 1693 var delt ut 24 nye soldatbørser i Fåberg sokn, fekk Haagen Amundsen Jørstad og Nils Johansen Jørstad kvar si.

(Det ser ut til at noe (en side?) av manuskriptet mangler her.)

I 1738 kom det så ny oppsittar til garden, nemleg Holm Gulliksen, som visstnok var frå Lier og var vorte gift med Sønnøv Kristensdr. Jørstad. To år seinare fekk han i 1740 skjøte av søskena til kona på grd. Nordre Jørstad av skyld 10 ½ skinn for 105 rd.

Holm Gulliksen, som var ein foretaksom og driftig kar, dreiv som landkremmar ved sida av at han var gardbrukar. Vara han handla med var især jern og salt, som vart ført med båt oppover Mjøsa og lagra i eit hus han brukte som lagerbu nede ved Laugen. Det vart fortalt som noko merkeleg at han kjørde varene sine på vogn når han om sommaren henta dei i lagerbua. Han hadde da arbeidd seg veg over dei jamnaste og mest steinreine grasflekke på vollane der han for.

I 1745 hadde Holm Jørstad, som han da er kalla, fått ordna det slik at han fekk auksjonsskjøte på englandet Gunnildsrud av skyld 3 skinn, som Fåbergkyrkja før hadde ått. To år før hadde i 1743 også Lars Olsen Opjordet fått skjøte frå løytnant Knopf på odelsretten til Opjordet for 40 rd.

Holm Gulliksen Jørstad dreiv framleis som landkremmar også i 1753. Han fekk da kongeleg konfirmasjon av 5. oktober s.å. til å vera ”landkræmmer udi Faaberg Præstegiell, og for den største deel av Gusdahl og een deel av Øyer Sogn”.

I mellomtida hadde elles det sørgelege hendt at husfrua i Nordgarden, Sønnøv Kristensdr. var død, berre 31 år gamal, og det var i 1743 skifte etter henne. Ved dette skiftet vart ættegarden nordre Jørstad av skyld 1 hud 9 skinn taksert til 400 rd., og arvebuet utgjorde netto 407 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Holm Gulliksen dei 3 borna i ekteskapet. Av dei var Ragnhild da 11 år, Sidsel 5 år og Ole 2 år.

Kring 1760 var det fleire brukarskifte i Jørstadgrenda. I Opjordet lyste i 1759 Ole Eriksen Lien sin odelsrett til garden og fekk 2 år etter auksjonsskjøte på garden for 490 rd. Kjøparen, den nye brukare i Opjordet, er da kalla Ole Eriksen Jøstuen.

Same året, altså 1759, gav og Simen Larsen Jørstad skjøte til landkremmar Holm Jørstad på Søgarden Jørstad av skyld 1 hud 6 skinn 2 bpd. 6 mark fisk for 2390 rd. Samtidig lånte Holm Jørstad av Iver Vingnes 1049 rd. mot pant i 1 hud 10 skinn i Søndre Jørstad. Endeleg gav og den same 18. juni 1759 Holm Jørstad bygselbrev til son sin Ole Holmsen fra grd. Søndre Jørstad. Tri månader seinare vart det vidare også brukarskifte på plassen Sundstuen der brukaren, Michel Pedersen Holter, etter krav frå Holm Jørstad vart dømt til å flytte frå plassen både med sin ”person, familie og huse”. Same året, framleis i 1759, gav og Holm Jørstad bygselsedel til Morten Engebretsen på 4 ½ skinn i Hoknelien, som han skulle bruke i dei to nestfølgjande år. Tri år seinare gav så i 1762 Holm Jørstad skjøte til son sin Ole Holmsen på Nordre Jørstad for kjøpesum 800 rd. Eit utdrag av dette skjøtet lyder slik:

”Skjøte dat. 14. april 1762 tingl. 4. oktober s.å.

Herved gården Nordre Jørstad i Fåberg prestegjeld blir solgt til Priviligeret Landkræmmer Holm Gulliksen/Jørstads søn Ole Holmsen på sådan måte: Holm Gulliksen selger 1 hud 2 8/10 skinn for 720 rd. Peder Olsen Lien på sin hustru Randi Holmsdatter 1 1/20 skinn for 20 rd. og Ole Engebretsen Ellingsberg på sin hustru Sissel Holmsdatters vegne 1 1/20 skinn for 20 rd. selv er han eiende 2 1/10 skinn for 40 rd., alt arvelig tilfalden ifølge skiftebrev av 27. mai 1743, så nu er Ole Holmsen eiende hele gården Nordre Jørstad av skyld 2 huder for 800 rd.”

Etter dette flytte Holm Gulliksen Jørstad til Søgarden og brukte den til han døde i 1769.

Ole Holmsen Nordgarden Jørstad døde alt i 1773 berre 33 år gamal. Ved skiftet i samband med dødsfallet, vart Nordgarden taksert til 800 rd., og arvebuet utgjorde netto 905 rd.

Arvingane var forutan enka Eli Pedersdr., f. Prestrud, dei 3 borna i ekteskapet. Av dei var Synnev 9 år, Åsta 6 år, og Holm 3 år. Fem år seinare døde og Åsta Olsdr. Ved skiftet etter henne, eit arvebu på netto 126 rd., er det opplyst at mor hennar, enka Eli Pedersdr. da var

oppattgift med Engebret Engebretsen Jørstad f. Balberg. Han vart visst elles i bygdemålet kalla Emmert.

Eli Pedersdtr. og Engebret E. Jørstad brukte Nordgarden isaman til i 1787 da Eli døde. Ved skiftet etter henne vart Nordgarden framleis verdsett til 800 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1874 rd., men netto berre 237 dalar. Arvingane var forutan enkemannen Emmert de 4 borna deira. Av dei var Ole Engebretsen da 11 år, Peder 6 ½ år, Marthe Engebretsdtr. 9 år og Eli 4 år. Dottera Sønnøv i Eli sitt 1. ekteskap (med Ole Holmsen) var da 23 år og gift med Kristen Halvorsen Øvstedal (Stor-Kristen). Dottera Marthe Engebretsdtr. vart seinare gift med Kristian Spellemann.

Garden kom så til Holm Olsen som var fødd år 1770 og døde i 1868 og hadde odelsrett til Nordre Jørstad. Han var gift med enka Mari Øvre Jørstad, men dei sette fyrst garden bort til lottbruk i 5 år til Torsten Tomassen Onsum (Lunde); seinare selde dei Nordgarden til Simen Syversen Prestrud, som var son av morbror til Holm Olsen.

Etter dette budde det under folketellinga i 1801 to familiar på Nordre Jørstad: Det var:

1. familie: 1. Simen Syversen, husbonden, gardbeboer og gjestgiver, 28 år, 2. Kari Eriksdtr., kona hans, 24 år, 3. Eli Simensdtr., dotter deres, 4 år, 4. Simen Simensen, son deres, 3 år, 5. Peder Engebretsen, tenestkar, 21 år, 6. Marit Bjertesdtr. Tenestkvinne, 24 år, 7. Kirsti Pedersdtr., tenestkvinne, 25 år, 8. Anne Engebretsdtr., tenestkvinne, 15 år, 9. Peder Olsen, legdbarn, 13 år, 10. Ole Nilssen, Cuursmed, (dyrlege, hovslager), 40 år.
2. familie: 1. Ole Olsen, husmann med jord, 91 år, 2. Mari Johannesdtr., kona hans, 71 år, 3. Engebret Olsen, son deres, 26 år, 4. Maren Johannesdtr., innerst, går i dagarbeid, 36 år, 5. Peder Engebretsen, pleiebarn, 7 år.

Ein merker seg her at husbonden Simen Syversen også dreiv som gjestgjevar på Nordre Jørstad.

24. juni 1801 gav elles Simen Syversen skjøte etter prosess til Kristen Kristensen Flugstad (Kristen Hattemaker), som så å seia straks etter måtte avstå garden til son av Stor-Kristen, nemleg Haagen Kristensen Volden. Han måtte elles snart tåle eksekusjon av lensmann I. Fliflet, Jens Skjeggstad m.fl. 14. juni 1809 vart så Nordgarden Jørstad selt ved auksjon til Thomas Jacobsen Diget for 2900 rd. + føderåd. Namnet på garden er i dette skjøtet skrivi Nordjørstad.

I mellomtida er det elles opplyst at Erik Olsen Opjordet i 1806 gav skjøte til dotter si Berit Eriksdtr. og svigeronen Ole Johansen Nordhove for 899 rd. + føderåd etter kontrakt. Av ein obligasjon frå desember 1807 går det fram at Albret Angell Irgens da hadde forpakta Jørstad nordre og dreiv som landkremmar der. Han hadde da lånt 800 rd. av branddirektør i Christiania, h r. Jens Smith, 1. pr. pant i "1 års avl og avgrøde av hans forpagtede gård Jørstad". Året etter (1808) lånte Albret Angell Smidt og ein Christian Holst 499 rd. også mot pant i "den avl og avgrøde som i innværende år måtte falde eller erhverves av nordre Jørstad". Frå 1810 er det opplyst at Thomas Jacobsen Jørstad da var gjestgjevar i Fåberg og hadde rett til å selja brennevin. Han hadde da betalt 20 rd. for brennevinssalg. Andre gjestgjevarar i Fåberg den tid var Jørgen Lillehammer og lensmann Nielsen som eigar av garden Røyne. Forutan Thomas Jørstad hadde og Engebret Sørhaugen betalt 20 rd. for brennevinshandel, og Kirstine Pinen, Sønnøv Bagstuen og Kari Brubakken hadde betalt 2 ½ rd. kvar for "brennevinsforsamling".

Om Opjordet handlar ei tinglyst forklaring av 22. november 1819. Amund Hansen Bleken fortel der at han for 8-9 år sidan inngjekk ekteskap med enka etter avdøde Ole Johansen Opjordet, og at ho da hadde odel til grd. Opjordet. Amund som framleis hadde Opjordet skulle "oplade den for sin stiftsøn når han blir myndig og midlertidig bruke gården for ham."

Same året kom Matrikkelforslaget av 1819 med nye opplysningar om gardane. Om Jørstad Nordre er det der fortalt at buskapan av store husdyr da var 4 hestar og 22 storfe, og kornavlinga var i vanleg gode år ca. 70 tdr. Det er elles opplyst at det til garden hørde 2 husmannsplassar. På Opjordet var da det tilsvarande husdyrhaldet 3 hestar og 18 storfe og kornavlinga var kring 48 tdr. I mellomtida hadde elles i 1810 Ole Holmsen Jørstad inngitt odelsklage mot Thomas Jacobsen Jørstad, men denne saka trekte i langdrag og vart fyrst ordna ved forlik i 1813.

I 1838 var Thomas Jacobsen framleis brukar av Nordgarden Jørstad. Ved omrekning og justering av matrikkelskylda same året vart skylda på garden da sett til 10 skylddalar 1 ort 5 skilling.

I 1847 fekk så Hans Arnesen søndre Jørstad skjøte på Nordgarden for ? rd. + føderåd. Han var ein klok og opplyst mann og var m.a. ordførar i Fåberg i tidsrommet 1855-1859. Nordgarden brukte han visstnok til i 1870. I hans brukartid kom i 1865 eit nytt matrikkelframlegg med fleire opplysningar om gardane. Om nordre Jørstad er det der fortalt at det samla jordbruksreal av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde ca. 250 mål, og av dette var kring 140 mål jord av 1. klasse. Same året var det og jordbrukstelling der det er opplyst at utsæden på sjølve garden da var. Ca. 11 tdr. korn og ca. 10 tdr. poteter. Dessutan var utsæden på plassar som hørde til garden ca. 3 tdr. korn og ca. 3 tdr. poteter. Husdyrhaldet var same året på sjølve garden 4 hestar, 20 naut og 11 småkrøter og på plassane under garden 4 naut og 11 småkrøter.

Hans Arnesen Jørstad brukte Nordgarden i tidsrommet 1847-1870. Da gav han skjøte på garden til son sin Thomas Hansen Jørstad som ikkje berre vart mye nytta i bygdestyret, men og i landsstyret. Han var såleis stortingsmann i to periodar i tida frå 1880 til 1888.

I desse år kom i 1886 endeleg den nye norske matrikkelen og gardane fekk tildelt nye gardsnummer, bruksnummer og ny matrikkelskyld. Jørstad nordre fekk da gardsnr. 163 med ei samla matrikkelskyld på 25,33 skyldmark. Det var elles alt da 5 bruksnr. under gr.nr. 163 Jørstad nordre. Det var: gr.nr. 163, br.nr. 1 Jørstad nordre av skyld 16,08 mark, og altså med Thomas Hansen Jørstad som oppsittar, br.nr. 2 Opjordet av skyld 3,58 mark, som Kristoffer og Andreas Jørstad da brukte isaman, br.nr. 4 Volden av skyld 2,95 mark, der Bernt Dahl var eigar og brukar, og br.nr. 5 Sveen av skyld 1,95 mark og med Anna Engebretsdtr. Nordhove som oppsittar.

Etter revidert matrikkel av 1904 var det da blitt fleire forandringar: Hovudbruket gr.nr. 163, br.nr. 1 var da overtatt av Simen Andreassen Jørstad og br.nr. 2 Opjordet var overtatt av Arne Andreassen og Andreas A. Jørstad. Bruksnr. 3 hadde og skifta eigar og var overtatt av enkefru Agnethe Lundgaard, og br.nr. 4 var selt til kaptein Johs. Hove.

I 1907 hadde Brede Lundgaard fått skjøte på br.nr. 3 Svesætra, og i 1938 fekk Marie Lundgaard skjøte på br.nr. 6 Ravnum sæter av skyld 0,27 mark. Etter det var det ved jordregistreringa i 1939 seks bruksnr. under gardsnr. 163 Jørstad nordre. Det aller meste av den brukande jorda låg likevel framleis til desse gardsbruk: gr.nr. 163, br.nr. 1 der enkefru Rønnaug Jørstad da var eigar og sonen Olav S. Jørstad var brukar. Jordbruksarealet på garden av åker og hage, eng og kulturbeite vart da oppgitt til ca. 170 mål. På br.nr. 1 Nordgardsmoen med Mathiasen Gudbrandsen som brukar vart det tilsvarande jordbruksareal oppgitt til ca. 20 mål og like eins på br.nr. 1 Nordgardsmoen med Emil Slåen som brukar til ca. 20 mål. Same areal var det og på det næraste på Volden nedre med Jon J. Volden som brukar. På br.nr. 4 Haraldstad med Ola Bræin som eigar og brukar var det tilsvarande jordbruksreal ca. 80 mål. I 1952 hadde Olav S. Jørstad tatt over og var eigar og brukar av Nordgarden Jørstad. Jordbruksarealet var da ca. 185 mål, skogbruksarealet ca. 700 mål, og krøterhaldet på garden var da 3 hestar, 20 storfe, 10 småfe og 3 griser. Det er vidare opplyst at Bjørkestulen da var vorte sæter for garden.

Simen A. Jørstad, som var brukar av Nordgarden Jørstad i tidsrommet 1889-1937, var medlem av Fåberg Historielag i ei årrekke. Han var ein trufast og god samlar av

kulturhistorisk og lokalhistorisk stoff, og ikkje minst samlingane hans har seinare vore til stor nytte under utarbeiding av bygdebøker for Fåberg.